

Saksbehandlar: Joakim Systaddal, Plan og samfunn  
Sak nr.: 21/2555-1

## **Kommunal transportplan (KTP) for Sogndal kommune - oppstart av arbeidet**

### **Kommunalsjefen rår komité for samfunnsutvikling til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:**

1. Komité for samfunnsutvikling ber administrasjonen om å starte arbeidet med kommunal transportplan i samsvar med overordna styringsdokument, og med desse føringane:
  - a. Planen skal delast i tre kapittel som skal jobbast med i rekkefølge:
    - i. Trafikktryggleik
    - ii. Kommunale vegar
    - iii. Riks- og fylkesvegar
  - b. Komiteen skal involverast i utforminga av kapittela i eigne arbeidsøker
  - c. Planprosessen har som mål å gjennomføre endeleg politisk handsaming innan utgangen av 2022

**Vedlegg:**  
Ingen.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Komité for samfunnsutvikling skal på vegne av kommunestyret i Sogndal kommune vere saksførebuande organ for utarbeiding av ein kommunal transportplan for Sogndal kommune (KTP). Planen skal vere Sogndal kommune sitt fremste styringsdokument og kunnskapsgrunnlag for å realisere ei ynskt utvikling av samferdsle- og transportsektoren i Sogndal kommune, og skape grunnlag for eksternt påverknadsarbeid inn mot regional og nasjonal transportplan.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Arbeidet med ny samfunnsplan vert slutført med vedtak i kommunestyret i juni. Komité for samfunnsutvikling ynskjer å prioritere å komme raskt i gang med ein kommunal transportplan så snart dei overordna føringane er lagt. Denne saka beskriv den overordna innramminga av KTP-dokumentet, samt ei tidslinje for utarbeiding fram til ferdig plan.

Sogndal kommune har eit stort vegnett, og ei lang rekke kritiske punkt på transportinfrastrukturen. Dette gjeld både den delen ein eig og driftar sjølv, og det som eigd og drive av stat og fylke. Det skal hentast inn og bearbeidast ei relativt stor mengde data som skal tene som kunnskapsgrunnlag for planen. Med bakgrunn i dette bør arbeidet med planen delast opp i fleire delar, som vert jobba med suksessivt. Administrasjonen føresler ei inndeling av plandokumentet i tre kapittel:

1. Trafikktryggleik. Dette vil tene som Sogndal kommune sin trafikktryggleiksplan, og ligge til grunn for å søke trafikktryggleiksmidlar.
2. Prioritering av drift, investering og vedlikehald av kommunale vegar.
3. Prioritering av innspel til regional og nasjonal transportplan.

Alle kapittela vil krevje eit omfattande kartleggingsarbeid frå administrasjonen for å gjere planen til eit kvalitetssikra og godt verktøy for å gjere politiske prioriteringar. Det vert difor lagt opp til å starte arbeidet med kunnskapsinnhenting før sommaren, og saksførebuande arbeidsøker i komiteen med ei slik tentativ framdrift:

1. Arbeidsøkt trafikktryggleik – hausten 2021
2. Arbeidsøkt kommunale vegar – våren 2022
3. Arbeidsøkt fylkes- og statlege vegar – hausten 2022

Det vil gje ein ferdig kommunal transportplan innan utgangen 2022. Dette er eit estimat med utgangspunkt i administrasjonen si vudering av arbeidsmengde og kapasitet, med atterhald om at her kan dukke opp utfordringar ein ikkje har føresett undervegs.

#### **4. Konklusjon**

Arbeidet med kommunal transportplan vert starta opp no, med ei grovinndeling i tre kapittel. Komite for samfunnsutvikling er saksførebuande organ, og legg opp til arbeidsøker hausten 2021, våren 2022 og hausten 2022, med mål om endeleg politisk handsaming innan utgangen av 2022.